



Bjørgum

ÅRSMELDING FOR BJØRGUM BYGDEKVINNELAG 2024 – 2025

Styret har dette året bestått av:

Leiar: Randi Flatabø Opheim

Nestleiar: Ingebjørg Winjum

Kasserar: Liv Sekse

Skrivar: Elin Koppen

Heimesideansvarleg: Randi Margrethe Bjørke

Studieleiar: Aud Marit Netteland

Varamedlemmar: 1. Torunn Eimstad

2. Solvor Tveit Bakketun

3. Anny Irene Mykkeltvedt

I år har styret hatt 7 styremøter.

Styret har omfatta utarbeiding av årsplan og lagsmøter.

Bjørgum bygdekvinnelag legg ut all informasjon på sosiale media, som facebook , Instagram og eigen messengergruppe for alle medlemmar i laget.

Aktivitetane blir lagt ut både før og etter gjennomføring.

Ein finn og informasjon på Bygdekvinnelaget.no.

Alle aktiviteter som laget har er ope for alle som har lyst å komma.

Denne perioden har dei fleste lagsmøta vore i Solheim , me hadde eit møte på Garnsenteret.

Laget kan og senda e- mail til alle medlemmane i laget som har mailadressa gjennom Norges Bygdekvinnelag.

Laget har pr. i dag 56 medlemmar.

Aktivitatar

19.11.24: Julebakst i Solheim, laging av smultring og Nordlandslefsa. 18 damer var samla denne kvelden.

04.12.24: Adventsmøte i Kapellanskåken.

Besøk av Kjartan Bergsvåg som fortalde om turen ilag med « A -K» (Arne Kristian Teigland).

22.01.25: Bjørgum bygdekvinnelag blei invitert til å vera med og servera kaffi og kaka i pausen til « Meining, mat og mot» på Park hotell Vossevangen. 7 damer stilte opp.

27.01.25: Lagsmøte i Solheim, sosial-/ skravle kveld med kaffikos og loddsal.

25.02.25: Lagsmøte i Solheim.

Tema: Såing og dyrking i pallekarm, Grete Bryn Kvist var og holdt foredrag denne kvelden.

07 – 09.03.25: Distriktsårsmøte på Ullensvang Hotell. 3 utsendingar frå laget.
24.03.25: Strikkekafe på Garnsenteret, Liv Marion Grønås viste fram forskjellige strikkeplagg til bruk både sommar og vår. Loddtrekking, kaffi og kaka.
05.04.25: Bygdekvinnestreif på Osterøy.
29.04.25: Vart det halde blome bytedag i Solheim.

30.08.25: Granvinsdagen.
Björgum bygdekvinne lag stilte med 6 damer og selde lappar og glutenfrie vaffler.
04.09.25: Lagsmøte i Solheim.
Besøk av bytebua, Sidsel Norunn Erdal fortalde om Bytebua frå starten av og fram til i dag.
5 damer frå laget viste fram eit utval av kle frå Bytebua.

23.09.25: Oppfrisking av tilbredning på Brimlefsa i Solheim
04.10.25: Bygdekvinnestreif på Vossestrand. Opheim og Hauge som inviterer.
Vart avlyst grunna dårleg vær.

Dugnad

30.11.24: Björgum bygdekvinne lag hadde stand på julemarknaden til Kveik. 3 damer stilte opp denne dagen.

08.04.25: Prosjekt NØYSOM, læring om matsvinn ilag med 6 klasse på Björgum skule.
21.06.25: Björgum bygdekvinne lag og Björgum Ungdomslag hadde samarbeid om å ta opp att tradisjonen om Jonsokbryllup på dagtid og dans om kvelden.
23.06.25: Björgum bygdekvinne lag lagde betasuppa til Björgum Idrettslag sitt 80 årsjubileum oppe på fotballbana.
27.09.25: Smalahoveslepp på Vangen.. Strålende vær og mangel som syns da var spennande å sjå på når Brimlefsa vart laga. I år var det stor interessa frå utanlandske turistar som var nysgjerrig på kva me gjorde på.

TURGRUPPA

Turgruppa har hatt 6 vårturar og 6 høsturar.
Anne Marit Lemme Eikefjord vil fortelja litt frå turgruppa.

BAKEGRUPPA

Har hatt 3 møter, har ikkje hatt bakeveke eller kurs i år. Vart bestemt å hoppa over 1 år. Var med på servering i Hedleberget på siste vårturen. Var og med på Jonsokbryllup i Solheim, som ungdomslaget laga til, kafe ute på dagtid. Og betasuppa til kveldsmat. Til Smalahovesleppet vart det ikkje bakt i Solheim til salg i år, til stor sorg for mangel kundar, så me må tenkja oss om til neste år. I år gjekk da ikkje an å baka i Solheim, grunna oppgradering i kjellaren.
Hadde ansvar for prøvelaging av Brimlefsa før Smalahovesleppet.

SOMMARTUR

Den 27.05.25 var det guida sommartur på Vangen , der Gunnar Hemre Ringheim var guide og fortalde historie om Vangen før i tida.

ANDRE OPPGÅVER SOM ER BLITT GJENNOMFØRT I ÅR.

13.02.25: Voss Folkeakademi, Randi F. Opheim og Elin Koppen var utsendingar til årsmøte hjå Folkeakademiet.

April 25: Bøndernes hus, Brynhild Tennebeek Bjørke var utsending.

24.09.25: Nettkurs med NBK, der ein fekk innføring i korleis ein finn fram på NBK sine sider , og korleis ein kan leggja ut aktiviteter som andre bygdekvinnelag kan sjå.

PLANLAGTE AKTIVITETER

01.11.25.Utdeling av skeier til Lystig 4H

07.11-09.11.25 : Inspirasjonsmøte på Lillestrøm.

Des. 25: Juleaktivitet flytta frå Oktober til Desember. Nærmare dato kjem.

03.12.25: Adventsmøte i Solheim.

Bygdakafe flytta til over nyttår.

Friluftslivets år.

Randi F. Opheim søkte om midlar og fekk inn penger, som gjekk til innkjøp av utstyr til laging av mat og kaffi ute ilag med bakegruppa.

Tusen takk til kvar og ein av dykk som har vore med å stilt opp for laget, kjekke samtaler og godt humør.